



Masfjorden kommune

Innkalling av Administrasjonsutvalet

Møtedato: 22.03.2017
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15.00 - 16.00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 001/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 002/2017 Godkjenning av møtebok
- 003/2017 Kompetanseutviklingsplan 2017-18
- 004/2017 Rapportering sjukefråvær 2016
- 005/2017 Retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune
- 006/2017 Tilsetting av kommunal tannlege
- 007/2017 Referatsak
- 1 Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet - 15.02.2016
- 2 Søknad om ALIS - stilling til Masfjorden kommune

17. mars 2017

Karstein Totland
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/17

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/17

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Godkjenning av møtebok

32T

Journalposttittel

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 19.09.2016

Dato

04.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430	17/228

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
003/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

32T

Journalposttittel

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Dato

09.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok ein fireårsplan for kompetanseutvikling i skulane i møte 28.04.2016, sak 24/2016. Planen skal rullerast årleg i samband med søknadsfristen på statlege midlar til vidareutdanning. Med bakgrunn i det har rådmannen laga framlegg til plan for skuleåret 2017-18.

Høyring

Planen er utarbeidd av rådmannen etter innspel frå rektorane og Utdanningsforbundet.

Fakta

Dei siste åra har Masfjorden årleg hatt 1-2 lærarar på vidareutdanning i prioriterte fag. Kommunar av vår storleik vil i utgangspunktet få midlar til å vidareutdanna ein lærar årleg, men fordi ikkje alle kommunar nyttar kvoten sin fullt ut, har det vore mogeleg for oss å få utdanna fleire. I budsjettet

vårt for 2017 er det sett av kr 230000, det rekk til å gje vidareutdanning til to lærarar.

Vurdering

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av fireårsplanane «Strategi for etter- og vidareutdanning» som vår satsing på etter- og vidareutdanning har bygd på. § 10-8 i Opplæringslova slær fast at: «Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling”...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at ”for å betra resultatane i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.”

Kva fag våre lærarar har fått vidareutdanning i sidan ordninga kom i gang og kva fag skuleeigar vil prioritera komande skuleår, går fram av sjølve planen.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2017-18 slik han ligg føre.



Til

Kopi til:

Sakshandsamar: Rådjevargruppa/Alf Magnar Strand

Vår referanse: 17/228 - 17/1247 / FE - 430

Dato: 08.03.2017

Emne: Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for perioden 2016-19 vart vedteken av kommunestyret i møte 28.04.2016, sak 24/2016.

Staten, KS og lærarorganisasjonane har gått saman om ein strategi som skal styrka den faglege kompetansen til lærarane.

Denne statlege satsinga på kompetanseheving for lærarar kjem til uttrykk i desse dokumenta: **Kompetanse for kvalitet, Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025** frå september 2015 og **Informasjon til skoleeiere om vidareutdanning for lærere 2017-18**, datert 31.01.2017.

I Kompetanse for kvalitet, underskrive av partane, står det at " Vi ønsker å styrke elevenes læring for at elevene skal være godt rustet for livslang læring, for fremtidig arbeidsliv og til aktiv deltakelse i samfunnet. Faglig og pedagogisk sterke lærere og kompetente og dyktige ledere er en nøkkel for å oppnå det.»

Det vil krevja vidareutdanning, altså kompetansegevande utdanning. Vidareutdanninga skal i fyrste rekkje målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrka. Partane snakkar om eit varig system for vidareutdanning.

Det har dei siste åra vore ei nedtrapping på midlane til etterutdanning (altså kortare kurs) til fordel for vidareutdanning. Staten vil med etterutdanningsmidlane ha "som mål å øke lærernes kompetanse gjennom etterutdanning på prioriterte fag og områder".

Vidareutdanning:

Midlane til vidareutdanning for skuleåret 2017-2018 skal i følgje styringsdokumenta gå til desse faga: Norsk, matematikk og engelsk. Deretter prioriterer ein søknader i realfag frå realfagskommunar. Nytt av året er at det er sett av særskilte midlar, 30 mill i alt, til vidareutdanning i praktisk-estetiske fag. Det er og høve til å prioritera andre fag ut frå lokale behov. Då må lærarane sjølve søkja studieplass innanfor det vidareutdanningstilbodet som høgskulane/universiteta gjev.

Kommunestyret har tidlegare sagt at basisfaga norsk, matematikk og engelsk skal prioriterast. (sak 6/2010). Det samsvarar då med den nasjonale satsinga.

Det sentrale studietilbodet har eit omfang på 30 studiepoeng over to semester. Dette er tilbod som vert gjeve ved høgskular og universitet over heile landet. Studia vil i stor grad vera nettbaserte slik at studentane kan arbeida heimanfrå. Det er i tillegg lagt opp til nokre veke- og/eller helgesamlingar. Lærarar som tek vidareutdanning kan velja mellom to modellar:

1 Vikarordninga: læraren studerer i 37,5% av full stilling og får full løn. Staten dekkar vikarutgiftene.

2 Stipendordninga: Læraren kan få eit statleg stipend på inntil 110000 for å ta 30 studiepoeng. Stipendet er skattepliktig. Så langt er det berre vikarordninga som har vore brukt hjå oss.

Staten dekker 75 % av vikarutgiftene for lærarar som vil ta vidareutdanning i matematikk og naturfag og 60% for lærarar som vil ta andre fag. Kommunen og arbeidstakaren tek resten av kostnaden. Staten yter kr 192000 pr. student pr. studieår til dekking av vikarutgifter i vanlege fag, men 240000 til vidareutdanning i matematikk og naturfag . Kommunen må dekkja 96000 kr pluss reisekostnader og læremiddel. Læraren kan arbeida tre dagar for veka og studera i 2 dagar.

Lærarane søker på nett. Rektor prioriterer søknadene etter kva behovet er på eigen skule.

Søknadene som kjem inn frå lærarane, vert vurderte av rektor og rådmannen saman med HTV og sende vidare i prioritert rekkefølge til Utdanningsdirektoratet.

Kartlegging av kompetanse

Frå og med hausten 2015 har kommunen registrert kor mange lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for å undervisa i faga engelsk, matematikk og norsk, men som likevel underviser i faget. Tala som viser stoda, finn ein i GSI-registreringa frå sist haust.

Barnesteget

Fag	30 studiepoeng eller meir	Under 30 studiepoeng
Engelsk	2	8
Matematikk	4	11
Norsk	6	9

Ungdomssteget

Fag	60 st.p eller meir	30-60 st.p	Under 30 st.p
Engelsk	3	1	0
Matematikk	2	1	2
Norsk	4	1	1

Til våren vil me sidan ordninga kom i gang ha gitt slik vidareutdanning:

Skule	Matematikk	Naturfag	Mat og helse	Norsk	Fransk	Engelsk	Spes.ped
Matre	1		1 (60 stp)	1			1
Nordbygda	2 (30/60 stp)			2	1		
Sandnes	1 (60 st.p)	1 (60 stp)				1	1

Rådmannen går inn for følgjande prioritering:

- 1 Matematikk
- 2 Spes.ped
- 3 Norsk
- 4 Rådgjeving
- 5 Engelsk

- 6 Kunst og handverk
- 7 Andre framandspråk
- 8 Musikk

Frå statleg hald vil Masfjorden kommune i utgangspunktet få dekkja vikarutgifter for ein lærar. Ut frå eige budsjett kan Masfjorden la 2 lærarar få vidareutdanning i 2017-18. Det samsvarar med det talet lærarar som årleg har fått vidareutdanning dei siste åra. Det er viktig å hugsa på at ordninga med gratis vidareutdanning skal vera eit "varig system for vidareutdanning for det pedagogiske personalet". Me kan difor tenkja litt meir langsiktig når det gjeld oppbygging av kompetanse i lærarstaben.

Etterutdanning:

Me kan ikkje rekna med statleg tilskot til etterutdanning neste skuleår. Den etterutdanning våre tilsette tek del i, må dekkast av kommunen.

I kompetanseutviklingsplanen for 2016-19 er følgjande etterutdanning prioritert:

- 1 Leseopplæring
- 2 Rekneopplæring
- 3 Klasseleiing
- 4 Spesialpedagogikk
- 5 Tilpassa opplæring
- 6 IKT
- 7 Utdanningsval
- 8 Valfag
- 9 Individuell etterutdanning

Skulane i Masfjorden var fram til jul 2016 i stor grad opptekne med skulering innan den statlege satsinga på ungdomssteget. Dette har vore skulebasert kompetanseutvikling på kvar skule, og me fekk rettleiing frå NLA. Arbeidet skal halda fram på kvar skule i åra framover, men rettleiing har me berre fram til årsskiftet 2017/18. Nokre av planleggingsdagane vil bli nytta til arbeid med tilpassa opplæring og klasseleiing.

I tillegg kan ein gjera seg nytte av dei kurstilboda som Nordhordland kursregion set i gang, både for lærarar og leiarar

Kartlegging av kompetanse:

Behovet for kompetanse vart kartlagt på skulane i samarbeid mellom rektor og tillitsvalde i fjor i samband med kompetanseutviklingsplanen for perioden 2016-19.

ØKONOMI

Vidareutdanning:

«Strategi for vidareutdanning av lærere» legg opp til at staten skal dekkja vikarutgifter med kr 192000 for vanlege fag og 240000 for matematikk og naturfag pr. 30 studiepoeng pr. skuleår. Kommunen går inn med fjerdeparten så mykje.

Masfjorden har studieplass for 2 lærarar våren 2017. Dersom me får plass for 2 lærarar hausten 2017, vil det kosta oss i alt 180000 kr pluss reiser og læremiddel. Det tilsvarer det som er budsjettet når me legg til 50000 i etterutdanning.

Etterutdanning:

Det er budsjettet med kr 50000 til etterutdanning i 2017. I tillegg har kvar skule ein sum til kurs og konferansar. I budsjettframlegget nedanfor er det rekna med same kommunale sum til etterutdanning dei to neste åra som for 2017.

BUDSJETT

	2017	2018	2019
Statlege tilskot	432000	410000	400000
Kommunal eigendel	230000	290000	290000
Sum	672000	700000	690000

Planen vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning .

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE - 461	16/690

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2017	Arbeidsmiljøutvalet	PS	15.02.2017
004/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Rapportering sjukefråvær 2016

32T

Journalposttittel

Sjukefråvær 2013 - 2016

Sjukefråvær 2013 -2016

Dato

08.02.2017

16.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Vurdering

Masfjorden kommune har ei målsetting om eit sjukefråvære som ikkje overstig 5,5%. Frå 2013 har fråværet i kommunen vore høgare enn målsettinga. I 2014 var sjukefråværet i kommunen på 7,4%, i 2015 på 9,7% og i 2016 var det eit fråvær på 7%.

Alle avdelingar i Masfjorden kommune arbeidar for å fylle målsetinga i IA avtalen. Ei viktig målseting er å vere i tidleg dialog med den som blir sjukemeldt eller står i fare for å bli sjukemeldt. Dette for å kartlegge tiltak på arbeidsplassen som kan førebygge sjukemelding eller legge til rette slik at den sjukemeldte kan komme tidlig tilbake i arbeid. Ut frå sjukemeldingstala i 2016 ser ein ei positiv utvikling. Det er viktig å merke seg at me har mange små avdelingar med få tilsette, dette gjer at ein sjukemeldt får store utslag for prosenten på den enkelte avdelinga, men ikkje på statistikken for kommunen samla.

Bedriftshelsetenesta har vore og vert nytta ved avdelingar som har høgt sjukefråvær. I 2015 var det gjennomført arbeidsplassvurderingar og ergonomikurs ved sjukeheimen. I 2016 var det gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking ved Nordbygda barnehage, og det vert arbeida vidare med resultatane i 2017.

Konklusjon

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring.

Arbeidsmiljøutvalet - 004/2017**AM - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - vedtak:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 482, TI - &00	17/127

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Arbeidsmiljøutvalet	PS	15.02.2017
005/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune

32T

Journalposttittel

Retningslinjer bruk av eigen bil i teneste mv 09.02.17

Dato

09.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjer for; bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekningar blir godkjent slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har tidlegare vore starta eit arbeid med å utarbeide retningslinjer for bruk av privat bil i teneste for Masfjorden kommune. Dette arbeidet stoppa opp av ulike grunar, målet er no å avslutte denne prosessen i løpet av våren 2017.

Når det gjeld bruk av privat bil i teneste, og refusjon av køyregodtgjersle er det KS regulativet som gjeld i Masfjorden kommune.

Vurdering

Masfjorden kommune har utarbeida retningslinjer for å sikre at tilsette og leiarar veit korleis bruk av bil i teneste skal praktiserast i kommunen, og sikre at ein har lik praksis i dei ulike avdelingane/tenestene.

Konklusjon

Retningslinjer for; bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekningar blir godkjent slik den ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet - 006/2017

AM - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka


Saka vart drøfta.

Det er viktig at retningslinene vert gjort kjent blant alle tilsette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke overfor adm.utvalet.

AM - vedtak:

Retningslinjer for; bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekningar blir godkjent slik den ligg føre.



MASFJORDEN KOMMUNE

-ein kommune me er stolte av

Retningslinjer for

- bruk av eigen bil i teneste
- bruk av kommunale bilar
- føring av reiserekning



Godkjent av rådmannen.../2017

Iverksett .../2017

Innleiing

Retningslinjer for reisereglar i Masfjorden kommune skal vere eit supplement til gjeldande lover og reglar som finst i høve reisegodtgjersle.

Masfjorden kommune sine reglar for reisegodtgjersle følgjer KS reiseregulativ, SGS 1001.

I tillegg til reiseregulativ gjelder forskrift til utfylling og gjennomføring av skatteloven. Denne forskrifta regulerer skatemessige klassifisering av reise som blir gjort;

- a) mellom skatteytar sin bustad og arbeidsplass
- b) mellom arbeidsplassar

Reisene blir klassifisert anten som arbeidsreise, eller som yrkesreise. Klassifiseringa er lagt til grunn både når det gjeld frådrag i inntekt, og når det gjeld reglar om skattlegging av dekking av reisekostnadar.

Definisjonar

Forskrift for utfylling og gjennomføring mv av skatteloven, definerer arbeidsstad jf. §6-44-11;

«(1)Med fast arbeidssted skal forstås;

- a) *Sted hvor skattyter normalt utfører sitt arbeid. Det skal særlig legges vekt på om skattyters arbeid på stedet skjer regelmessig og med en viss hyppighet. Dersom skattyter i det samme arbeidsforhold arbeider på flere arbeidssteder, anses bare det arbeidsstedet hvor det meste av arbeidstiden tilbringes i den enkelte kalendermåned som nevnt i skattebetalingsloven § 5-11 første ledd som sted hvor skattyter normalt utfører sitt arbeid i kalendermåned*
- b) *Sted hvor skattyter ikke normalt utfører sitt arbeid, jf. bokstav a, men som likevel er det samme i en periode på mer enn to uker.*
- c) *Oppmøtested for tildeling av og/eller forberedelse til arbeid når oppmøtestedet er det samme i en periode på mer enn to uker.*
- d) *Oppmøtested for transport til eller fra arbeidssted på sokkelinnretning, fartøy eller i utlandet.*

(2)Det foretas en selvstendig vurdering av om det foreligger fast arbeidssted etter vilkårene i bokstavene a-d for det enkelte arbeidsforhold.

(3)Med ikke-fast arbeidssted skal forstås:

- a) *Arbeids- eller oppmøtested som ikke omfattes av første ledd.*
 - b) *Særskilt sted for møte, kurs og lignende, der skattyter er deltaker.*
 - c) *Sted hvor skattyter ikke arbeider mer enn 10 dager i inntektsåret. Det foretas en selvstendig vurdering for hvert arbeidsforhold.*
- (4) *Arbeidsfravær på inntil tre dager påvirker ikke anvendelsen av to-ukersgrensene i første ledd. Ved lengre fravær anvendes to-ukersgrensene særskilt for arbeidsperiodene før og etter fraværet.»*

Arbeidsmiljølova definerer arbeidstid i § 10-1 første ledd som: «den tid arbeidstaker står til disposisjon for arbeidsgiver». Dette utgangspunktet må sjåast i samanheng med den enkelte sin

tilsettingsavtale, og kva som er oppgitt som arbeidsstad. Er arbeidsstaden oppgitt til å vere verksemda sitt hovudkontor, vil reise til og frå kontoret ikkje gje rett til godtgjersle.

Arbeidsreiser.

- Reiser mellom bustad og fast arbeidsplass
- Reise mellom faste arbeidsplassar
- Reise mellom heim eller arbeidsstad og undervisningsstad der ein yter undervisning etter introduksjonslova.

Yrkesreise

- Reise mellom bustad og ikkje – fast arbeidsstad
- Reise mellom fast arbeidsstad og ikkje fast arbeidsstad
- Reise mellom bustad og fast arbeidsstad når arbeidet regelmessig gjer det påkravd å frakte arbeidsutstyr i bilen.
- Reise frå den staden skatteytar oppheld seg til fast arbeidsstad, når reisa blir gjort på grunn av naudsynt tilkalling utanom ordinær arbeidstid. Det same gjeld for returreisa.

Kombinert arbeids- og yrkesreiser

Ved reise til/ frå arbeidsstad via ikkje fast arbeidsstad, reknast meirreise utover avstanden mellom bustad og fast arbeidsstad som yrkesreise. Jf. forskrift for utfylling og gjennomføring mv av skattelova §6-44-14

Arbeidsområde

- Fast arbeidsområde er innanfor kommunen sine geografiske grenser

Oppmøtestad

Alle tilsette skal ha definert ein fast oppmøtestad, gjeld også tilsette som har varierende arbeidsplassar. Dette er stad der ein har kontor, avdelingstilknytning eller har oftast arbeidsoppdrag. Tilsette som har oppmøtestad har ikkje rett til godtgjersle for køyring frå heim til og frå oppmøtestad. Køyregodtgjersle blir regulert gjennom kva som er arbeidsreise og kva som er yrkesreise jf. forskrift.

Regelverket som gjeld for Masfjorden kommune er :

- Overordna prinsipp er at arbeidsdagen startar på oppmøtestad, og arbeidet skal organiserast utifrå oppmøtestad. (reiser til fyrste oppdrag frå oppmøtestad, og avsluttar dagen på oppmøtestad)

- Er det spesielle omsyn som gjer at ein ikkje skal fylgje dette prinsippet, skal det utarbeidast eigen avtale for den tilsette og forhandlast om eventuelle andre ordningar.
- Unntak frå prinsippet om at arbeidsdagen ikkje skal starte på oppmøteplass, skal avklarast med nærmaste leiar. Unntak er situasjonar som oppstår sjeldan, i slike tilhøve **kan** ein ha rett til godtgjersle for bruk av privat bil frå heim.
- Kurs, møte og samarbeid med andre tenester/ brukarar m.m. internt i kommunen har som prinsipp at ein reiser frå oppmøtestaden, og får køyregodtgjersle til og frå oppmøtestad. Det som blir definert i forskrift som yrkesreise.

Innanfor arbeidsområdet skal berre ekstrakøyring (meirreise) utover vanleg reiseavstand til og frå heim/ fast oppmøtestad vere grunnlag for køyregodtgjering jf. forskrift § 6-44-14, kombinasjon av arbeidsreise og yrkesreise.

- Reiser til kurs og møte der ein ikkje kan køyre innom oppmøtestad før møte/ etter møte, vil oppmøtestad/ endepunkt for reisa vere eigen heim. Innanfor arbeidsområdet skal berre ekstrakøyring (meirreise) utover vanleg reiseavstand til og frå heim/ fast oppmøtestad vera grunnlag for køyregodtgjering jf. forskrift § 6-44-14, som gjeld kombinasjon av arbeidsreise og yrkesreise.
- Ved reise ved tilkalling utanom ordinær/planlagt arbeidstid til dømes ved vaktordningar, er utgangspunkt/endepunkt eigen heim.

Kommunale bilar

- Det skal førast køyrebok i bilar som vert nytta av mange ulike tilsette (til dømes i heimetenestene)
- Det skal monterast GPS i bilar som vert nytta fast av ein eller få tilsette.
 - GPS er i bilane fordi ein kommunen skal halde oversikt over at bilane blir nytta i kommunalteneste og i samsvar med regelverk i høve skattemyndighetene.
 - GPS kan og nyttast som HMS i høve tilsette som er på oppdrag åleine ulike stadar i kommunen, for å kunne finne dei viss noko skjer.
 - Nærmaste overordna har ansvar for bruk og gjennomgang av GPS.
- Kommunale bilar skal ikkje nyttast til private føremål.
- Kommunale bilar skal primært nyttast til tenesteoppdrag når det er mogleg.

Kompensasjon for bruk av privatbil

- For tilsette som nyttar eigen bil får ein køyregodtgjersle etter KS regulativet, i høve yrkesreise.
- Tilsette må føre reiserekning. Nærmaste overordna skal godkjenner denne.
- Dokumentasjon på kurs, møte, oppdrag og liknande skal ligge med som vedlegg for at reiserekning skal bli godkjent.

- Ferjebiletter, parkering m.m. skal ligge med som dokumentasjon for å få godkjent utlegg etter bilag. Utgifter i høve ferje blir refundert utan dokumentasjon, men då etter satsen i høve ferjekort.
- Reiserekning skal sendast inn til kommunen kvar månad, eller kvar 3 månad for mindre køyring.
- Reiserekningar skal attesterast og godkjennast, for at ein skal kunne kontrollere at reiserekningar stemmer, blir ikkje reiserekningar som er over 6 månadar godkjente.
- **Reiserekning for desember og tidlegare, må leverast inn i løpet av fyrste veke året etter = veke 1, på grunn av budsjettføring. Reiserekningar som kjem inn etter denne dato blir ikkje godkjente.**

Kompensasjon for bruk av privat bil der ein kan inngå særskilt avtale er:

- Der det er påkravd at tilsette må ha med naudsynt arbeidsutstyr i bilen, skal kommunen legge til rette med kommunale bilar i størst mogleg grad. Viss det ikkje er mogleg med kommunal bil, skal det utarbeidast eigen avtale gjeldande kompensasjon for å ha med naudsynt arbeidsutstyr i privat bil.
- Der det er naudsynt å nytte bil for å utføre tenester for Masfjorden kommunen, stiller arbeidsgjevar som hovudregel bil til disposisjon. Kan ikkje kommunen stille bil til disposisjon, kan arbeidsgjevar avtale kompensasjon med den enkelte utifrå lokale tilhøve.

I KS regulativ står det; «der det er nødvendig å benytte bil for å få utført kommunens/fylkeskommunens/virksomhetens tjenester, stiller som hovedregel arbeidsgiver bil til disposisjon. I motsatt fall bør arbeidsgiver og den enkelte arbeidstaker inngå avtale om kompensasjon for jevnlig bruk av egen bil i tjenesten. Slik kompensasjon godtgjøres med inntil kr 13 000,- pr. år. Størrelsen på beløpet vurderes ut fra lokale forhold.»

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - G40	14/973

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Tilsetting av kommunal tannlege

32T

Journalposttittel
uq5400-ahso-wnd1

Dato
16.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet får med dette lagt saka fram til drøfting/eventuelt for vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn og Fakta

Våren 2016 vart den fylkeskommunale tannhelseklinikken i Masfjorden lagt ned etter vedtak gjort i mars i fylkestinget knytt til ny klinikkstrukturplan for tannhelse i Hordaland. Samstundes vart tannklinikane i Modalen og på Fedje lagt ned, samt mange andre klinikkar rundt omkring i Hordaland

I punkt 6 i vedtak om Klinikkstrukturplanen står det :

«Der klinikker vert lagt ned, skal ein undersøke om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetjenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området.»

På bakgrunn av dette vedtaket hadde fylkestannlegen inne ei stillingsannonse i august, med frist 19. september 2016, der det vart søkt etter private tannlegeverksemdar som kunne gje tilbod om å drive tannklinikane i Masfjorden, Modalen og på Fedje. I annonseteksten stod det følgjande:

Fylkestinget vedtok i mars 2016 å leggje ned dei offentlege tannklinikane i kommunane Fedje, Masfjorden og Modalen. Innbyggjarar i dei tre kommunane skal i framtida få sitt tannhelsetilbod på Knarvik og/eller Lindås tannklinik.

Fylkestannlegen i Hordaland vurderer å inngå avtale om kjøp av private tannhelsetenester i kommunane Fedje, Masfjorden og Modalen. Dei tre kommunane vil ev stille tannklinik med

nødvendig utstyr til disposisjon. Tenestene vil omfatte tannhelsetilbud til barn og unge 0-20 år, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og i heimesjukepleie, samt personar i rusomsorga. Det vil vere behov for ca 40% tannlege- og tannhelsesekretærstilling samt 20% tannpleiarstilling. Der er kun aktuelt å inngå avtale for eit samla tannhelsetilbud i alle dei tre kommunane. Det private tannhelsetilbodet må organiserast slik at det blir gitt regelmessig etter oppsett plan.

Det vil bli stilt krav om:

- Godkjent norsk autorisasjon for alle yrkesgrupper
- For å ivareta det førebyggjande arbeidet må tannpleiarressursar vera tilknytt tilbodet
- Tannhelseteamet må utføre tenestene i samsvar med tannhelsetenesta i Hordaland sine retningslinjer – og i samsvar med Helsedirektoratet sin veileder «God klinisk praksis»
- Fylkestannlegen vil ha fagleg ansvar for tenestene på prioritert klientell og vil føre tilsyn med verksemda
- Tannlegen vil få ansvar for rapportering på tannhelsa til definert grupper

Etter at søknadsfristen var over fekk Masfjorden melding om at det ikkje hadde vore søkjarar på denne annonsa, og at fylkeskommunen sin administrasjon no såg seg ferdig med oppfølging av punkt 6 i vedtaket. Saka har seinare vore tema i fleire drøftingar med både fylkesadministrasjonen og med sentrale politikarar i fylket.

Masfjorden kommune har og prøvd å sjekka ut om det kunne vera aktuelt for fylkeskommunen å inngå driftsavtale, om det vert tilsett kommunal tannlege tilknytt tannpleiar og sekretærressursar. Dette har kommunen enno ikkje fått vurdert som eiga sak. I Fedje kommune og i Modalen kommune er det framleis eit engasjement om å få til eit lokalt tannlegetilbod, og det har vore politiske drøftingar om vertskommunesamarbeid, utan at dette har vorte formalisert.

Ved å inngå ein driftsavtale med fylkeskommunen vil kommunen få refundert for tannhelsetenester knytt til dei prioriterte gruppene som er definert i § 1-3 i tannhelsetenestelova. Dette vil spesielt gjelda barn, unge og andre prioriterte grupper, mellom anna eldre som er mottakarar av heimesjukepleie og sjukeheimbrukarar m.fl, som har rett på gratis behandling og oppfølging.

Vurdering

Rådmannen har fått utforma ei stillingsannonse som det er viktig at administrasjonsutvalet tek stilling til. Det vert vist til vedlegget i denne saka. Her søker Masfjorden kommune etter tannlege i 100 % stilling. Dette skal vere med å setje kommunen i stand til å ta ansvar for det lokale tannhelsetilbodet, og setje i gang tidleg identifisering og førebygging innanfor tannhelse. Tilbodet skal ha hovudfokus mot barn, unge og andre prioriterte grupper som er definert i § 1-3 i tannhelsetenestelova. Det vert og opna for at det kan ytast tenester til vaksne pasientar mot betaling etter det regionale regelverket, om kapasiteten utover dei prioriterte gruppene opnar for dette.

Det kan verta aktuelt at stillinga kan inngå i eit samarbeid med Fedje kommune og Modalen kommune. Vidare vert det teke atterhald om at Hordaland fylkeskommune inngår driftsavtale med kommunen i medhald av § 5-1 i tannhelsetenestelova og om overføring av ansvar og tilgang til journalar, recall-lister m.m.

I tillegg vert både arbeidsoppgåver og krav til stillinga, samt personlege eigenskaper og formelle krav formulert i stillingsannonsa. Rådmannen vil peike på at det faktum at det er ein uavklart situasjon om Hordaland fylkeskommune vil inngå ein driftsavtale, og at å tilsetja kommunal tannlege før dette er

på plass er lite aktuelt både av økonomiske årsaker, men og i høve formelle krav knytt til tannhelsetenestelova med tilhørende regelverk.

Konklusjon

Administrasjonsutvalet får med dette lagt saka fram til drøfting/ eventuelt for vedtak.



Masfjorden kommune ligg nord i Hordaland fylke og grensar til kommunane Gulen og Høyanger i Sogn og Fjordane fylke og kommunane Modalen og Lindås i Hordaland fylke.

Kommunen er eit eldorado for friluftinteresserte, med øyar og holmar, skog og fjell, eit unikt turterreng, og gode fiske- og jaktvilkår. Kulturlivet er allsidig med svært aktive lag og organisasjonar.

Tannlege

Masfjorden kommune søker etter tannlege i 100 % stilling. Dette skal vere med å setje kommunen i stand til å ta ansvar for det lokale tannhelsetilbodet, og setje i gang tidleg identifisering og førebygging innanfor tannhelse. Tilbodet skal ha hovudfokus mot barn, unge og andre prioriterte grupper som er definert i § 1-3 i tannhelsetenestelova. Det kan og ystast tenester til vaksne pasientar mot betaling etter det regionale regelverket, om kapasiteten utover dei prioriterte gruppene opnar for dette. Tannklinikken i Masfjorden er lokalisert til Sandnes i nær gangavstand til kommunehuset.

Det kan verta aktuelt at stillinga kan inngå i eit samarbeid med Fedje kommune og Modalen kommune. Vidare vert det teke atterhald om at Hordaland fylkeskommune inngår driftsavtale med kommunen i medhald av § 5-1 i tannhelsetenestelova og om overføring av ansvar og tilgang til journaler, recall-lister m.m.

Arbeidsoppgåver

Tannlegen skal

- * Ha det faglege pasientansvaret for tannhelsetilbodet i kommunen
- * Ha ansvaret for å organisere og gjennomføre det førebyggjande tannhelsearbeidet og oppfølging mot prioriterte grupper i kommunen.
- * Bidra til å styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i lokalsamfunnet
- * Bidra med tverrfagleg samarbeid med andre kommunale helse-, pleie- og omsorgstenester når det er påkrevd.
- * Ha leiaransvar og kunne rettleie tannpleiar og tannhelsesekretær om det vert påkrevd.
- * Ha sjølvstendig budsjettansvar innanfor dei rammene som kommunen tildeler til ei kvar tid.

Krav til stillinga

- * Godkjenning som autorisert tannlege i Norge.
- * Røynsle med tannhelsearbeid retta mot prioriterte grupper, jf. § 1-3 i tannhelsetenestelova.
- * Evne til å jobbe sjølvstendig og målretta og ta eigne val
- * God røynsle som tannlege
- * God kapasitet til å organisere, yte og utvikle tannhelsetenesta
- * God i norsk munnleg og skriftleg
- * Gode IKT kunnskapar
- * Ha førarkort klasse B

Personlege eigenskaper

- * Gode samarbeidsevner
- * Stor arbeidskapasitet
- * Vere løysingsorientert
- * Godt humør og tillitsskapande i kontakt med brukarane

Personlege eigenskapar vert tillagt stor vekt

Me tilbyr

- * Ei spennande stilling med ansvar for å yte tenester med høg fagleg og etisk standard
- * Ein sjølvstendig arbeidsplass som gjev deg høve til å yte gode tannhelsetenester

Løn etter avtale i samsvar med avtaleverk og etter nærare avtale.

Tenestepåskiljet i Masfjorden er nynorsk.

Politiattest

Den som vert tilsett må leggje fram politiattest, jf. § 3-1 i tannhelsetenestelova.

Søknad sendast elektronisk via heimesida til Masfjorden kommune

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/17

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Referatsak

32T

1. Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet - 15.02.2016
2. Søknad om ALIS - stilling til Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 15.02.2017
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10.45 - 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland		Utvalsleiar
Laila Herbst Totland Liv Oda Dale		Arbeidstakar repr. Arbeidstakar repr. vara
Svein Helge Hofslundsengen		Medlem
Kristian Moen		Medlem
Bjørn Egil Nordland		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Britt Inger Myhr		Nestleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Personalkonsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

- | | |
|----------|---|
| 001/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/2017 | Godkjenning av møtebok |
| 003/2017 | Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet året 2016 |
| 004/2017 | Rapportering sjukefråvær 2016 |
| 005/2017 | Omstilling i pleie og omsorg 2017 |
| 006/2017 | Retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune |
| 007/2017 | HMT dag 2017 |
| 008/2017 | Referatsak |

001/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Hovudverneombod Bjørn Egil Nordland etterlyser sak om resultat etter medarbeidarundersøkinga.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarar at medarbeidarundersøkinga vert tema på HMT dagen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 001/2017 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 002/2017 VEDTAK:

Møtebok frå AMU 05.12.16 vert godkjend.

003/2017: Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet året 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet 2016 vert teken til vitring

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 003/2017 VEDTAK:

Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet 2016 vert teken til vitring

004/2017: Rapportering sjukefråvær 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 004/2017 VEDTAK:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

005/2017: Omstilling i pleie og omsorg 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Plan for omstilling i pleie og omsorg 2017 vert teken til vitring.

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 005/2017 VEDTAK:

Plan for omstilling i pleie og omsorg 2017 vert teken til vitring.

006/2017: Retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjer for; bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekningar blir godkjent slik den ligg føre.

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka

Saka vart drøfta.

Det er viktig at retningslinjene vert gjort kjent blant alle tilsette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke overfor adm.utvalet.

AM - 006/2017 VEDTAK:

Retningslinjer for; bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekningar blir godkjent slik den ligg føre.

007/2017: HMT dag 2017

Rådmannen sitt framlegg:

AMU arrangerer HMT dag den 20.3.2017 på Kommunehuset 8.30 – 15 med medarbeidarundersøkinga gjennomført seinhausten 2016 som hovudtema, *Kva for erfaringar har vi gjort oss i Masfjorden så langt med planlegging, gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkinga 10-faktor? Kva skal til for å lukkast i oppfølgingsarbeidet?*

Samt NAV Arbeidslivssenter Hordaland orienterer kring tema IA avtalen

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Tidsplan for dagen 08.00 - 15.30. Dagen startar med kaffi frå kl. 08.00. Program frå kl. 08.30.

I etterkant av HMT dagen vert det AMU møte 15.30 - 16.00.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 007/2017 VEDTAK:

AMU arrangerer HMT dag den 20.3.2017 på Kommunehuset 8.30 – 15.30 med medarbeidarundersøkinga gjennomført seinhausten 2016 som hovudtema, *Kva for erfaringar har vi gjort oss i Masfjorden så langt med planlegging, gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkinga 10-faktor? Kva skal til for å lukkast i oppfølgingsarbeidet?*

Samt NAV Arbeidslivssenter Hordaland orienterer kring tema IA avtalen

008/2017: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

15.02.2017 ARBEIDSMILJØUTVALET

Referatsak/orienteringar:

Informasjon om bruksendring av areal på sjukeheimen.

Saka vart utsett til neste møte 20.03.17.

AM - 008/2017 VEDTAK:

Saka vart utsett til neste møte 20.03.17.



Bergen kommune
Etat for helsetjenester
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/347 - 17/1826

Saksbehandlar:
Helga Ellingsen
Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
14.03.2017

Søknad om ALIS - stilling til Masfjorden kommune

Me vil med dette søke om ALIS-stilling til Masfjorden kommune. Kommunen har ikkje noko lege i utdanningsforløp og søker difor etter ny lege. Kommunen ønsker å utvikle eit samarbeid med Modalen kommune innan legetenesta, og ser difor for oss at ALIS-stillinga skal vere eit utgangspunkt for dette samarbeidet. Me tenker ei løysing med 80% ALIS-stilling i Masfjorden og 20% tilknytta Modalen. Hovudansvaret for ALIS-legen sin oppfølging og utdanningsløp vil ligge hjå Masfjorden kommune.

Masfjorden kommunen har ca 1710 innbyggjarar og er geografisk inndelt i 3 soner. Kvar sone har ein barnehage og barne- og ungdomsskule. Legekontoret er plassert i den eine sona, i nær tilknytning til sjukeheimen. Modalen kommune har ca 380 innbyggjarar, og her er eitt legekontor, ein skule og ein barnehage. Busetnad er spreidd over ca 15 km frå Mo til Øvre Helland, med flest busette på Mo. Det er også på Mo ved fjorden at legekontor og kommuneadministrasjon er plassert.

Masfjorden kommune har i mange år vore med i turnuslegeordninga, med varierende erfaringar. Det me ser og opplever, spesielt etter at dei nye reglane om fordeling av turnuslegar tredde i kraft, er at det har blitt vanskeligare å rekruttere turnuslege til kommunen. Det har ført til at det til tider ikkje har vore turnuslege i kommunen, noko som har bidratt til svekka stabilitet i legetilbudet til innbyggjarane. I tillegg har ein brukt mykje tid og ressursar på å rekruttere turnuslegar. Masfjorden kommune ønsker difor ALIS-lege som ein erstatning for turnuslege, også med tanke på evt rekruttering av lege til kommunen.

Masfjorden helsetun består av eit legekontor og ein helsestasjon. Ved legekontoret er det 2 kommunalt tilsette legar i 100 % stilling, begge i fastlønna stilling og med spesialitet i allmenntilleggsmedisin. Den eine har også funksjon som kommuneoverlege. Legane sin alder er 58 og 59 år. Legekontoret har også jordmor i 20% stilling, som ein delar med nabokommune. Helsetunet er bygd på ei flate, slik at alle kontor og lokaler er på samme nivå. Det er difor eit nært kontorfellesskap mellom legar, jordmor, helsesøstre og hjelpepersonell. ALIS- legen vil få kontor i samme lokalet, med tilgang til hjelpepersonell, laboratorium og utstyr kostnadsfritt.

På helsestasjonen er det ansatt 2 helsesøstre, der den eine er under utdanning. Dei har til sammen 150% stilling. Den eine helsesøstera arbeider 20% av sin stilling i Modalen, slik at eit samarbeid mellom kommunane er allereie utvikla.

Av hjelpepersonell er det ansatt 2,5 årsverk fordelt på 3 ansatte, 2 bioingeniører og 1 sjukepleiar. Legekontoret har eige laboratorium, der ein analyserer fleire prøver sjølv. Dette er blant anna CRP, INR, Hba1C, Hb, glukose, SR og liknande. I tillegg tar me u-stix og hemofec og har utstyr til småkirurgi. Av anna diagnostisk utstyr har me EKG, spirometri, audiometri og ultralyd.

Modalen har 1 kommunalt tilsett lege i 100% stilling, med spesialitet innan allmenntillegemedisin. Denne legen har også funksjon som kommuneoverlege. Kommunen har ikkje vore med i turnuslegeordninga. Legekontor er lokalisert i helsesenter, der ein også finn psykisk helseteneste, helsesøster, fysioterapeut og legesekretær. Legekontoret er organisert og har utstyr om lag som i Masfjorden, med unntak av ultralyd.

Begge legekontora har på dagtid ansvar for øyeblikkelig hjelp til innbyggjarane sine, og er difor utstyrt for å kunne håndtere akutte medisinske hendingar i startfasen. Lege på vakt rykker også ut på akutte oppdrag, då utstyrt med akuttmedisinsk utstyr. Ved akutte oppdrag samarbeidar legane tett med First Responder og lokal ambulanseteneste.

Me kan tilby varierte arbeidsoppgåver, blant anna :

- Daglege konsultasjonar innan allmenntillegemedisin
- Helsestasjon og skulehelseteneste i samarbeid med helsesøster
- Tilsyn sjukeheim
- Vaktordning ved Nordhordaland legevakt
- Samfunnsmedisinsk arbeid under rettleiing frå kommuneoverlege
- Tverrfagleg samarbeid med oppvekst, psykisk helse og pleie-og omsorg

Både Masfjorden og Modalen har kommunal fastlegeliste som ALIS-legen vil få tilgang til gjennom fellesliste. For ALIS-legen vil det bli oppretta ei O-liste med eit listetak for å starte rekruttering av pasientar til denne lista.

ALIS-legen vil både i Masfjorden og Modalen ha tilgang til daglig supervisjon frå kollega, stort sett direkte eller via telefon. Lokal veileder for ALIS-legen med strukturert veiledning 2 timar per mnd vil ein av dei fast tilsette legane i Masfjorden få ansvar for. Når han har legevakt er det anna autorisert lege på vakt som vil fungere som bakvakt for ALIS-legen, enten lokalt eller ved Nordhordaland legevakt.

Det er god stabilitet og arbeidstidsordning for legane i Masfjorden. Ferie og fråvær blir fordelt, slik at ein av dei faste legane alltid er tilgjengelig. Modalen kommune er med sin eine lege sårbar ved fråvær. Ved å gå inn i eit tettare samarbeid med Masfjorden kan ein demme opp for noko av dette. Eit tettare samarbeid om legetenesta vil også gje større fagleg fellesskap for våre små kontor med få tilsette innan same profesjon.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Helga Ellingsen
Helse- og omsorgsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur